



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Prop. 192 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2013 under Fiskeri- og kystdepartementet og Landbruks- og matdepartementet (tiltaksplan for torskenæringa)

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet 13. september 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår endringar i statsbudsjettet for 2013. Tiltaka skal vere til hjelp for situasjonen i kvitfisknæringa, som omfattar torsk, sei og hyse.

2 Bakgrunn

Den økonomiske krisa i viktige sjømatmarknader som mellom anna Portugal, Spania og Italia har gitt kvitfisknæringa i Noreg store utfordringar i 2013. I euroområdet er det framleis svært høg arbeidsløysa og den økonomiske veksten er låg. Det ser ut til at det tek tid før særleg dei mest gjeldsutsette landa, som også er sentrale marknader for norsk torsk, får snudd utviklinga. Krisa i Europa, låge prisar for torsk og historisk høge torskekvotar skaper utfordringar for ei heil næring.

Historisk sett har kvitfiskindustrien, og då særleg filetindustrien i Nord-Noreg, vore prega av låg lønnsemd. I perioden 2000–2012 er talet på filetbedrifter redusert med 57 pst., frå 28 til 12

bedrifter, og talet på sysselsette i filetindustrien har gått ned med 67 pst., frå 2 300 til 750. Samstundes har produksjonsvolumet gått ned med 60 pst., frå om lag 55 000 tonn til 22 000 tonn. Dei låge prisane ved inngangen til 2013 har ført til ytterlegare press på lønnsmda. Prisen på fryst heil torsk på verdsbasis fall frå over 20 kroner til under 15 kroner etter det høge kvoterådet for torsken i juni 2012. Dette førte til at fleire konvensjonelle bedrifter, som handla mykje råstoff første halvår, måtte ta store tap som følgje av nedskrivning av varelager.

Dei økonomiske utfordringane i Europa fører òg til at kjøparane har problem med å få betalt frå sine kundar. Kundane er på si side lite villige til, eller har ikkje høve til, å stille garantiar. Garantiordninga for førstehandsomsetninga av fisk er vidareført kvart år sidan 2009.

Det har aldri blitt eksportert meir torsk enn første halvår i 2013. Auken i volum eksportert torsk for første halvår er på heile 41 pst. samanstillt med 2012, medan eksportverdien berre har auka med tre prosent.

Samstundes har vi sett ein vekst i eksporten av fryst og fersk heil kvitfisk som blir foredla utanfor Noreg – den fryste i Kina og den ferske i Polen, Litauen og Danmark.

I sum har dette gitt resultatnedgang for selskap i norsk kvitfisknæring, særleg i industriledet. Vi har òg sett permitteringar og permitteringsvarsel i første halvår av 2013. Situasjonen har pressa likviditeten og skaper uro i dei mange lokalsamfunna i Nord-Noreg der både kystflåten og fiskebruk blir ramma.

Regjeringa har som mål å byggje sjømatindustrien på fortrinnet vårt med tilgang på ferskt råstoff av høg kvalitet, men det er ei utfordring å utvikle ein meir konkurransedyktig sjømatindustri. Med bakgrunn i dette sette Regjeringa 22. mars 2013 ned eit offentleg utval som innan utgangen av 2014 skal vurdere rammevilkåra til sjømatindustrien. Utvalet skal særleg sjå på det som er til hinder for eller kan bidra til auka lønnsemd og verdiskaping.

Regjeringa meiner det no er rett å innføre tiltak for ei næring som er i ein hardt pressa situasjon. Med bakgrunn i dette foreslår Regjeringa tiltak allereie no, i form av 30 mill. kroner i tilleggsløyvingar i 2013. Tiltaka vil bli foreslått vidareført og vidareutvikla i 2014.

I tillegg vil nokre reguleringstiltak som kan bidra til ein betre situasjon bli omtalt til slutt i kapittel 3 nedanfor.

3 Regjeringas forslag til tiltak

Nokre av tiltaka som blir foreslått vil verke på kort sikt og konsentrere seg om betre kvalitet, jamnare råstofftilgang og auka prisar på fiskeråstoffet gjennom kompetanseheving, levandelagring og justeringar i fiskerireguleringane. Vidare vil ekstraordinær marknadsinnsats og reduksjon av veterinære handelshindringar òg på kort sikt kunne gi betre avsetning på norsk kvitfisk. Andre tiltak vil bidra meir langsiktig i form av meir forskning og utvikling innan teknologi, produktutvikling og marknadstilgang i norsk kvitfisknæring.

Tilleggsløyvingar i 2013

Kap. 1023 Fiskeri- og havbruksretta FoU

Post 72 Tilskot til Nofima

Auka innsats i arbeidet med fangsthandtering og levandelagring

Midlane skal medverke til auka innsats i arbeidet med fangsthandtering, levandelagring og eit eige

opplæringsprogram i handtering av levandelagra fisk.

Det er lange tradisjonar i Noreg for å frakte levande fisk til land og overføre han til merd for lagring. Dette blir gjort både for å heve kvaliteten på råstoffet og for å sikre jamn leveranse også utanom høgsesongen. Men det er òg utfordringar. Det er tids- og kostnadskrevjande å fange torsk som skal til mellomlagring, det er auka økonomisk risiko ved å ha fisk symjande i merd, det er utfordringar knytt til avrekning av kvotar og det kan vere krevjande å få større uttelling i marknaden.

Fleire bedrifter i sjømatnæringa satsar på levandelagring. Totalt er det omsett 1 594 tonn levandelagra torsk i perioden januar til juli 2013, ein auke på 827 tonn eller 108 pst. i høve til same periode i 2012. Men det er eit ønske om fleire aktørar og større volum. For å bidra til vekst i levandelagringa foreslår Regjeringa auka innsats i forskingsarbeidet og opplæring i næringa.

Departementet foreslår med bakgrunn i dette å auke løyvinga over denne posten med 5 mill. kroner i 2013.

Kap. 2415 Innovasjon Noreg, fiskeri og andre regionalpolitiske tiltak

Post 75 Marint verdiskapingsprogram

Opplæringsprogram for kvalitetsbehandling av fisk

Departementet foreslår 4 mill. kroner til eit opplæringsprogram for kvalitetsbehandling av fisk. Prosjektet skal leiast av Innovasjon Noreg, men har med alle ledd i verdikjeda, mellom anna fiskerigruppa i Båtsfjord, Nofima, FHL, Råfisklaget, Fiskarlaget Nord og relevante fiskeribedrifter.

Målet er auka kompetanse blant fiskarane slik at dei kan levere kvalitetsråstoff til produksjonsanlegg på land og auka kompetanse hos dei som arbeider i industrien som tar imot, oppbevarer og leverer vidare kvalitetsråstoff til produksjon av sjømat frå Noreg. Prosjektet skal mellom anna ta for seg behandling av fanga og bløgga fisk for foredling på land.

Målgruppa for prosjektet er fiskarar og medarbeidarar ved fiskemottak. Ved at denne gruppa får teoretisk og praktisk opplæring i kvalitetsbehandling av fisk kan noko større mengder råstoff bli foredla og selt vidare med ein betre kvalitet enn før.

Departementet foreslår med bakgrunn i dette å auke løyvinga på denne posten med 4 mill. kroner i 2013.

Kap. 1050 Diverse fiskeriformål

Post 75 Tilskot til næringstiltak

Gjennføre lineegnetilskotet

Departementet foreslår å styrkje løyvinga med 3 mill. kroner for å innføre lineegnetilskotet på nytt frå hausten 2013. Lineegnetilskotet var ei ordning som eksisterte fram til 2004. Det vart gitt tilskot til egning av line for hand, for å stimulere til auka kystlinefangst. Linefisket er eit arbeidsintensivt fiske samanlikna med til dømes garnfisket. Ordninga vart erstatta av ei ordning med agnkvotar gjennom Fiskernes Agnforsyning, som administrerer kvotar av makrell, sild og sei til agn slik at dei kan selje vidare til fiskarane til sterkt reduserte prisar.

Linefanga fisk er av generelt betre kvalitet enn fisk tatt med garn fordi ein unngår klemskadar og liknande. Eit lineegnetilskot kan stimulere til auka fangst av fisk med høgare kvalitet.

Lineegnetilskotet vart tidlegare gitt som eit tilskot per egna stamp. Vidare organisering, både med tanke på tilskotsatsar og på innretning, vil bli avklart parallelt med Stortinget si handsaming av denne proposisjonen. Departementet legg til grunn at ordninga vil koste om lag 18 mill. kroner i 2014.

Auka tilskot til føring og mottaksstasjonar i Nord-Noreg

Departementet foreslår å auke løyvinga til tilskot til føring og mottaksstasjonar i Nord-Noreg med 3 mill. kroner i 2013. Godt fungerande mottaksstasjonar og føringstilskotet er viktig for å oppretthalde ein tilfredsstillande mottaksstruktur for den mindre mobile kystflåten.

Ordninga med støtte til mottaksstasjonar har som overordna mål å bidra til at det er operative mottaksstasjonar i område med mangelfullt høve til levering. Den auka løyvinga legg til rette for ein desentralisert mottaksstruktur som gjer det mogleg for små fartøy å levere fangsten nær heimstad og fangstfelt.

Ekstraordinær marknadsføring for torsk

Departementet foreslår 10 mill. kroner til ekstraordinær marknadsføring for torsk. Pengane skal gå gjennom Noregs sjømatråd. Sjømatnæringa er ei av Noreg sine mest internasjonale næringar og næringa sel produkta sine til meir enn 130 land. Dette stiller store krav til marknadskunnskap og evne til å tilpasse seg til dei ulike preferansane til forbrukarane.

Felles marknadsføring er eit effektivt verkemiddel for å auke etterspørselen etter norsk sjømat. Dette skjer gjennom Noregs sjømatråd og blir finansiert av ei marknadsavgift på eksporten på 0,75 pst. Den statlege løyvinga vil gjere det mogleg med auka felles marknadsføring av norsk torsk, noko som kan føre til auka etterspørsel utover hausten og vinteren. Tilsvarende tiltak vart òg finansiert over statsbudsjettet og sett i gang under finanskrisa våren 2009. I etterkant av dette laga Noregs sjømatråd (då Eksportutvalet for fisk) ein rapport for å dokumentere verknadene av den ekstra marknadsinnsatsen som vart gjennomført.

Med bakgrunn i dette foreslår Fiskeri- og kystdepartementet å styrkje løyvinga over denne posten med 16 mill. kroner i 2013.

Kap. 1115 Mattilsynet

Post 01 Driftsutgifter

Styrkje Mattilsynet sitt arbeid med marknadstilgang

Det blir foreslått å auke kap. 1115, post 01, som ligg under Landbruks- og matdepartementet, med 5 mill. kroner i 2013.

Marknadstilgang er sentralt for norsk sjømatnæring. Dei seinare åra har vi sett aukande krav om å dokumentere at produkta som blir eksporterte er trygge. Som ein stor eksportør er det avgjerande at Noreg kan dokumentere mattryggleik og kvalitet gjennom heile produksjonskjeda. For Mattilsynet ligg det utfordringar knytt til det store talet på marknader og i det store talet på ulike produkt. Krava til dokumentasjon av mattryggleik varierer mellom marknadene, og frå produkt til produkt. Det er særleg viktig å kunne dokumentere mattryggleik, at norske reglar, EU sine reglar og internasjonale reglar blir følgde og at produktet ikkje vil utfordre smittebildet i importlandet.

Dei seinare åra har vi sett at importlanda i stigande grad krev eigne sertifikat med informasjon knytt til både mattryggleik og fiskehelse. I tillegg ønskjer mange importland å inspisere dei norske bedriftene og Mattilsynet sitt tilsynssystem. Mattilsynet si rolle som tilsynsmyndigheit og deira kommunikasjon med myndigheitene i importlanda er difor avgjerande for tilliten. Tilgang til andre land sine marknader krev tillit hos myndigheiter og forbrukarar i importland. Norske eksportørar møter dessverre ei rekkje veterinære handelshindringar og det tar lang tid for Mattilsynet å få på plass veterinæravtalar i nye marknader. Styrkinga av Mattilsynet skal gå til auka innsats i arbeidet med dokumentasjonsgrunnlag, utskri-

ving av attestar og dialogen med utanlandske matmyndigheiter mv.

Om fiskerireguleringane

Justeringar i fiskerireguleringane kan medverke til ein jamnare råstofftilgang som igjen vil kunne gi høve til auka kvalitet, leveringsdyktigheit og lønnsemd i fiskeindustrien. Refordeling i fartøygruppene vil framleis bli nytta for å bidra til optimal utnytting av kvotane.

Ferskfiskordninga gir fartøy i kystflåten som landar fangsten fersk høve til å fiske og lande inn-til 30 pst. torsk rekna av all fangst, uavhengig av om fartøyet har fiska den kvoten som elles er til- delt for direktefiske av torsk. Ordninga har fun-

gert godt og vil om naudsynt kunne bli justert ved at bifangstadgangen blir auka.

Departementet har sendt på høyring forslag om å etablere ei særleg ordning for fleksibel kvoteutnytting for industrieigde torsketralarar. Målet og føresetnaden for ordninga vil vere at det blir levert meir fersk torsk samla sett frå fartøya til den eigaren som nyttar ordninga.

Fiskeri- og kystdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2013 under Fiskeri- og kystdepartementet og Landbruks- og matdepartementet (tiltaksplan for torskenæringa).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2013 under Fiskeri- og kystdepartementet og Landbruks- og matdepartementet (tiltaksplan for torskenæringa) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2013 under Fiskeri- og kystdepartementet og Landbruks- og matdepartementet (tiltaksplan for torskennæringa)

I

I statsbudsjettet for 2013 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1023		Fiskeri-, havbruks og transportretta FoU	
	72	Tilskot til Nofima, blir auka med frå 98 870 000 til 103 870 000	5 000 000
2415		Innovasjon Noreg fiskeri og andre regionalpolitiske tiltak	
	75	Marint verdiskapingsprogram, blir auka med frå 40 000 000 til 44 000 000	4 000 000
1050		Diverse fiskeriformål	
	75	Tilskot til næringstiltak i fiskeriene, blir auka med frå 50 000 000 til 66 000 000	16 000 000
1115		Mattilsynet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå 1 200 266 000 til 1 205 266 000	5 000 000



Trykk: A/S O. Fredr. Amesen. September 2013

241/491